



Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Miljøvernavingdelinga

Verneframlegg for frivillig skogvern

**Brenslefjellet naturreservat i Molde og
Neset kommunar**



Høyringsutkast april 2013

Innhald

1. Bakgrunn	3
2. Heimelsgrunnlag	3
3. Kunngjering av verneplanarbeidet - meldingsfasen	4
4. Sakshandsaming	4
5. Omfang av verneplanen.....	5
6. Høyringsfrist.....	5
7. Vedlegg. Områdeskildring for Brenslefjellet naturreservat	6
Vedlegg 7. 1 Framlegg til verneforskrift for Brenslefjellet naturreservat i Molde og Nesset kommuner, i Møre og Romsdal fylke.....	9
Vedlegg 7.2 Vernekart.....	11

1. Bakgrunn

Gjennom førehavinga av St.meld. nr. 25 (2002-2003) slutta Stortinget seg til Regjeringa si innstilling om ei kraftig opptrapping av skogvernet i Noreg. Så langt i år er ca. 2,7 % av den produktive skogen i Noreg verna og dette er langt mindre enn andre land i Europa. I naturreservata i Møre og Romsdal er 43 km² skog verna. Det utgjer ca.1,5 % av det produktive skogarealet i fylket.

St.meld. nr. 25 trakk opp viktige prinsipp og satsingsområde for ei opptrapping av skogvernet. Mellom anna at eit utvida skogvern skulle følgje dei faglege råda frå ein rapport frå NINA og Skogforsk ”Evaluering av skogvernet i Norge”. I meldinga vart frivillig vern framheva som ein viktig strategi for det framtidige skogvernet. Frivillig vern inneber at skogeigarane tilbyr staten vern av eigen skog.

Dersom ein har naturfagleg kunnskap om det aktuelt tilbodsområde frå før, kan slike data bli lagt til grunn for ein eventuell verneplanprosess. Dersom området ikkje er kartlagt tidlegare vil Miljøvernstyresmaktene også vurdere tilbodet og sett eventuelt i gang med naturfaglege registreringar for å kartlegge verneverdiar. I Møre og Romsdal er ein vesentleg del av den verneverdige skogen kartlagt tidlegare og aktuelle data er tilgjengelige i www.naturbase.no. Om det på bakgrunn av registrering vil vere aktuelt å fremme eit verneforslag for det aktuelle arealet, skal det gjennomførast forhandlingar med grunneigar om avgrensing, verneforskrift og økonomisk erstatning. Når staten og grunneigar er kome til semje om desse punkta, vil området gjennomgå ei vanlig sakshandsaming i tråd med naturmangfaldlova.

2. Heimelsgrunnlag

Vern av spesielle område eller førekomstar skjer i medhald av lov av 16. juni 2009 om forvaltning av naturens mangfald (naturmangfaldlova) jf. §§ 33-51. I naturmangfaldlova er det gjeve heimel for vedtak av ulike vernekategoriar. Vernekategorien naturreservat, som er det strengaste vernet etter naturmangfaldlova, blir foreslått brukt for dette verneplanframlegget.

§ 37 i naturmangfaldlova har slik ordlyd:

Som naturreservat kan vernes områder som

- a) inneholder truet, sjelden eller sårbar natur,*
- b) representerer en bestemt type natur,*
- c) på annen måte har særlig betydning for biologisk mangfold,*
- d) utgjør en spesiell geologisk forekomst, eller*
- e) har særskilt naturvitenskapelig verdi.*

Som naturreservat kan også vernes et område som er egnet til ved fri utvikling eller aktive gjenopprettingstiltak å få verneverdier som nevnt i første ledd.

I et naturreservat må ingen foreta noe som forringer verneverdiene angitt i verneformålet. Et naturreservat kan totalfredes mot all virksomhet, tiltak og ferdsel. I forskriften kan det gis bestemmelser om vern av kulturminner i reservatet.

Treffes vedtak om reservat som krever aktive gjenopprettingstiltak, eller vedtak om reservat der bruk er en forutsetning for å ivareta verneformålet, skal det samtidig med vernevedtaket legges frem et utkast til plan for skjøtsel for å sikre verneformålet. Planen kan omfatte avtale om bruk av arealer, enkeltelementer og driftsformer. Planen eller avtalen kan inneholde bestemmelser om økonomisk godtgjørelse til private som bidrar til områdets skjøtsel.

3. Kunngjering av verneplanarbeidet - meldingsfasen

Ved brev av 15.03.13 vart det sendt ut ei melding om start av verneplanprosessen til fleire aktuelle interessepartar. I tillegg vart starten på arbeidet kunngjort i Romsdals Budstikke 20.03.13. Fylkesmannen la også ut ei melding med kart og annan informasjon på si nettside og som det vart vist til i brev og kunngjeringar. Innspelfristen vart sett til 15.04.13.

Statens vegvesen kom med innspel ved brev av 03.04.13. Dei ønskjer at vernegrensa blir liggande 7 meter frå kanten av fylkesveg 195.

Våre kommentarar

I samråd med Statens vegvesen har vi valt å la vernegrensa følgje Statens vegvesen si eigedomsgrense.

4. Sakshandsaming

Tilbod.

Tilbodet om frivillig vern frå dei 5 grunneigarane er datert frå april til desember i 2010. fylkesmannen fekk tilboda sendt frå skogeigarsamvirket Allskog.

Naturfaglege registreringar

Det naturfaglege utgangspunktet for tilbodsområdet er data som ligg i Naturbase som kartlagde naturtypar og som er oppdatert på grunnlag av nytt feltarbeid av Miljøfaglig Utredning AS i mai 2011.

Forhandlingar

Forhandlingane mellom Staten v/Regjeringsadvokaten sin representant og grunneigarane vart gjennomført i 2011/2012. Dei siste grunneigaravtalene vart underskrivne i november 2012.

Vidare saksgang

I samsvar med naturmangfaldlova og sakshandsamingsreglane i denne, skal fylkesmannen sende verneframlegg på høyring. Regelverket er nærmare utdjupa

i DN-handbok 17 – 2008 Områdevern og forvaltning. På bakgrunn av at det er gjennomført forhandlingar med grunneigarane og at det vart semje om avgrensing og framlegg til forskrifter, reknar vi med at det eventuelt blir mindre justeringar av forskriftene etter høyring. Det blir ei felles lokal og sentral høyring.

Etter høyringa vil Fylkesmannen, på bakgrunn av høyringsdokument og innkomne fråsegner, skrive ei tilråding til Direktoratet for naturforvaltning. Direktoratet fremmer så saka for Miljøverndepartementet som deretter vil førebu ho og legge eit framlegg om vernevedtak for Kongen i statsråd. Etter vernevedtaket ved kgl. res. vil erstatningar i samsvar med avtalene bli utbetalt. Fylkesmannen får så i oppdrag å gjere vedtaket kjent og sørge for at reservatet blir merka og skilta. Merking og oppmåling blir gjort av jordskifteretten etter krav frå fylkesmannen om grensegang og merking.

5. Omfang av verneplanen

Namn	Kommune	Total areal i da	Areal produktiv skog i da	Verneverdi
Brenslefjellet	Molde	611	450	Regional

6. Høyringsfrist

Høyringsfristen er 8.7.2013.

7. Vedlegg. Områdeskildring for Brenslefjellet naturreservat

KOMMUNAR:	Molde og Nesset
FYLKE:	Møre og Romsdal
KARTBLAD M711:	1320 III Åndalsnes
KOORDINATAR:	Sentralpunkt ca. N 6955454 Ø 431503 (Euref 89 UTM sone 32)
VERNEKATEGORI:	**
AREAL:	611 da
HØGDE OVER HAVET:	50-365 m
EIGEDOMAR:	Gnr./bnr. 130/2 og 130/3 i Molde kommune og gnr./bnr. 1/1, 1/2 og 2/1 i Nesset kommune
VEGETASJONSSONE:	Sørboreal, boreonemoral og mellomboreal sone

OMRÅDESKILDRING: Området ligg på nordsida av Langfjorden mellom Horsgard i Molde kommune og Buvika i Nesset. Lia er bratt og vendt mot sør og med innslag av bergveggar og rasmak. Midtveis i lia skjer Holådalen seg skarpt ned i terrenget og dannar ei lita bekkekløft. Berggrunnen er stort sett granitt/gneis, men ein del frodig vegetasjon indikerer nokre rikare innslag i delar av lia.

FRAMLEGG TIL VERNEGRENSE: Fylkesmannen sitt framlegg til vernegrense går fram av vedlagt kart. Vernegrensa følgjer delvis eigedomsgrenser. Inn mot fylkesvegen følgjer den vegvesenet sin eigedomsgrense slik den er teikna inn på digitalt eigedomskart.

NAMN PÅ RESERVATET: Det har ikkje kome framlegg til bruk av andre namn på reservatet.

SKOGSTRUKTUR/PÅVERKNAD: Skogen kan karakteriserast som lauvskog med innslag av furu. Karakteristisk er mosaikk med opne parti og skog av svært varierende storleik, alder og tettleik. Området er generelt prega av skogsdrift, men i ein del av skogen har det truleg ikkje vore skogsdrift på over 50 år og nokre stadar kan det vere over 100 år sidan siste hogst. I den nedre delen har det vore hogst i nyare tid. Det er delvis planta til med gran etter hogst og grana spreiar seg oppover lia.

Det bratte terrenget med innslag av bergveggar og rasmak gjer at mykje av skogen har eit naturleg oppbrott preg og det er lite av slutta skog. Av anna påverknad har området ein gong vore brukt til beite, men i dag har skogen lite karakter av dette.

Det går ein attgrodd sti opp til nokre seterhus utafor reservatet, men elles har ikkje området spor av ferdsel og friluftsliv.

VERNEINTERESSER: Tilbudsområdet fangar opp viktige kvalitetar knyttet til gammal og varmekjær lauvskog, inkludert 13 raudlisteartar og andre kravfulle artar. I lokal samanheng er dette eit av dei to viktigaste edellauvskogsområda langs Langfjorden og det er ein god representant for ein skogtype som representerer nokre av det biologisk sett mest verdfulle ein finn i fjordstrøka i Romsdal.

Det er eit relativt stort område med frisk til lågurtprega edellauvskog av alm-lindeskogstypen. Typiske kravfulle karplantar er ramslauk, skogsvingel, lundgrønnaks, svarterteknapp, vårerteknapp og dels også skogfaks og kjempesvingel som opptre ganske hyppig og for nokre artar lokalt i store mengder. Det er svakare innslag av dei meir sjeldne artane, men slakkstarr og fuglereir finn ein nokre stadar. Området har samtidig klare kvalitetar knyta til gammal lauvskog og der særleg innslaget av grov og gammal soleksponert osp som er interessant.

Området har gode spettebestander og saman med eit gunstig lokalklima kan ein rekne med eit potensiale for ein del varmekjære artar, inkludert virvelløyse dyr.

Eitt spesielt trekk ved området er innslaget av ask (NT) og av varmekjær kjeldelauvskog. Ask og askeskog er sjeldan i eksisterande verneområde i Møre og Romsdal.

I forhold til mangelanalysen for vern i Norge, så ligg området stort sett under 300 moh og for ein stor del i sørboreal og boreonemoral sone. Det har eit ganske oseanisk klima, noko som det er underdekning for i verneområda elles. I tillegg inneheld det ein del av mangelfullt dekte skogtypar som rik alm-lindeskog, hasselkratt og gråor-almeskog, samt ospedominert skog på Vestlandet. Verdier knyta til gammal furuskog eller kalkskog verker ganske dårlig.

Området gis samla sett ein regional verneverdi(**), men i overgang mot svak nasjonal verdi (***). Storleiken er middels god og området fangar opp viktige kvalitetar knyttet til gammal og varmekjær lauvskog. Verdivurderinga vert noko svekka på grunn av moderne hogst og påfølgande treslagsskifte til gran, spesielt i vest. Grana spreiar seg.

FORMÅL: Formålet med naturreservatet er å ta vare på eit variert skogsområde med sitt biologiske mangfald i form av naturtypar, økosystem, artar og naturlege økologiske prosessar.

Området representerer edellauvskog med høye naturverdier. Det har relativt store areal med frisk til lågurtprega edellauvskog av alm-lindeskogstypen. Det

har også viktige kvalitetar knyt til gammal lauvskog som mellom anna osp og med innslag av ask og varmekjær kjeldelauvskog.

ANDRE INTERESSER: Så langt i verneplanarbeidet har det ikkje kome fram andre interesser enn skogbruksverdiar og jakt.

TEKNISKE INNGREP: Hytter og andre tekniske installasjonar er ikkje kjent frå området. Unntaket er ei stor kraftlinje som kryssar fjorden og som går opp lia via Brenslefjellet. Masta før fjordspennet, ligg på ei høgde like utafor verneområdet. Etter det vi så langt har fått avklart, er avstanden mellom linja og skogen så stor at det ikkje er behov for å rydde skog under linja.

PLANSTATUS: Ingen reguleringsplan, men området er godkjent som landbruks,- natur og friluftsområde i arealdelen til både Molde og Nesset sin kommuneplan. Kommuneplanen i Molde ble godkjent 28.05.09 og kommuneplanen i Nesset ble godkjent 29.03.12.

SKOGBRUKSOPPLYSNINGAR: Vi har ikkje andre skogbruksopplysningar enn at det produktive skogsarealet er på 450 da.

KART OG VERNEFORSKRIFT: Kart i målestokk 1: 6 000 som viser framlegget til vernegrense følgjer som eit eige vedlegg. Framlegget til verneforskrift er på side 9-11.

Vedlegg 7. 1 Framlegg til verneforskrift for Brenslefjellet naturreservat i Molde og Nesset kommuner, i Møre og Romsdal fylke

Fastsatt ved kongelig resolusjon med hjemmel i lov 19. juni 2009 nr.100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) § 34 jf. § 37 og § 62. Fremmet av Miljøverndepartementet.

§ 1 Formål

Formålet med naturreservatet er å verne et variert skogsområde med naturmangfold i form av naturtyper, økosystemer, arter og naturlige økologiske prosesser.

Området representerer edellauvskog med høye naturverdier. Det har relativt store arealer med frisk til lågurtpreget edellauvskog av alm-lindeskogstypen. Det har også viktige kvaliteter knyttet til gammel lauvskog som blant annet osp og med innslag av ask og varmekjær kildelauvskog.

§ 2 Geografisk avgrensning

Naturreservatet berører følgende gnr./bnr. i Molde kommune: 130/2 og 130/3 og følgende gnr./bnr. i Nesset kommune: 1/1, 1/2 og 2/1.

Naturreservatet dekker et totalareal på 611 dekar.

Grensene for naturreservatet går fram av kart i målestokk 1:6 000 datert Miljøverndepartementet De nøyaktige grensene for naturreservatet skal avmerkes i marka. Knekkpunktene skal koordinatfestes.

Verneforskriften med kart oppbevares i Molde og Nesset kommuner, hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal fylke, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet. Det samme gjelder jordskiftekartet som lages etter grensemerking.

§ 3 Vernebestemmelser

I naturreservatet må ingen foreta noe som forringer verneverdiene angitt i verneformålet.

I naturreservatet gjelder følgende vernebestemmelser:

1. Vegetasjonen, herunder døde busker og trær, er vernet mot skade og ødeleggelse. Det er forbudt å fjerne planter og sopp (inkludert lav) eller deler av disse fra naturreservatet. Planting eller såing av trær og annen vegetasjon er forbudt.
2. Dyrelivet, herunder reirplasser og hiområder, er vernet mot skade, ødeleggelse og unødig forstyrrelse. Utsetting av dyr er forbudt.
3. Området er vernet mot ethvert tiltak som kan endre naturmiljøet, som f.eks. oppføring av bygninger, anlegg, gjerder, andre varige eller midlertidige innretninger, parkering av campingvogner, brakker e.l., framføring av luftledninger, jordkabler, kloakkledninger, bygging av veier, drenering eller annen form for tørrlegging, uttak, oppfylling og lagring av masse, utføring av kloakk eller andre konsentrerte forurensningstilførsler, henleggelse av avfall, gjødsling, kalking eller bruk av kjemiske bekjempingsmidler. Forsøpling er forbudt. Oppstillingen av tiltak er ikke uttømmende.
4. Bruk av naturreservatet til telteirer, idrettsarrangementer eller andre større arrangementer er forbudt.

§ 4 Generelle unntak fra vernebestemmelsene

Vernebestemmelsene i § 3 annet ledd er ikke til hinder for:

1. Sanking av bær og matsopp.
2. Jakt, fangst og fiske i samsvar med gjeldende lovverk.
3. Oppsetting av midlertidige mobile jakttårn for storviltjakt.
4. Fjerning av mindre mengder kvist i forbindelse med utøving av storviltjakt.
5. Skadefelling av store rovdyr i samsvar med gjeldende lovverk.
6. Beiting.

7. Bålbrenning med tørrkvist eller medbrakt ved.

§ 5 Regulering av ferdsel

All ferdsel skal skje varsomt og ta hensyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminner.

I naturreservatet gjelder følgende bestemmelser om ferdsel:

1. Motorisert ferdsel til lands og til vanns er forbudt, herunder start og landing med luftfartøy.
2. Bruk av sykkel og hest og kjerre samt ridning er forbudt.

§ 6 Generelle unntak fra ferdselsbestemmelsene

Ferdselsbestemmelsene i § 5 er ikke til hinder for:

Gjennomføring av militær operativ virksomhet og tiltak i forbindelse med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsvirksomhet, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgaver som er bestemt av forvaltningsmyndigheten. Unntaket gjelder ikke øvingskjøring.

Ferdselsbestemmelsene i § 5 annet ledd er ikke til hinder for:

1. Nødvendig motorferdsel i forbindelse med uttransport av syke og skadde bufe. Kjøretøy som benyttes skal være skånsomt mot markoverflaten. Det skal gis melding til ansvarlig oppsyn for verneområdet i forkant av kjøring.
2. Nødvendig uttransport av felt elg og hjort med hest eller med lett terrenggående beltetekjøretøy som ikke setter varige spor i terrenget.

§ 7 Spesifiserte dispensasjonsbestemmelser

Forvaltningsmyndigheten kan etter søknad gi dispensasjon til:

1. Avgrenset bruk av naturreservatet for aktiviteter nevnt i § 3 nr. 4.
2. Høgst og uttak av fremmede treslag og gran.
3. Oppføring av gjerder og samleanlegg for beite.
4. Utsetting av saltstein.
5. Nødvendig motorferdsel i forbindelse med:
 - a) høgst og uttak av fremmede treslag og gran, jf. § 7 nr. 2.
 - b) oppføring av gjerder og samleanlegg for beite, jf. § 7 nr. 3.
 - c) utkjøring av saltstein, jf. § 7 nr. 4.
6. Istandsetting, vedlikehold og skjøtsel av kulturminner.
7. Bruk av reservatet til aktiviteter i forbindelse med miljøtilpasset reiselivsvirksomhet, etter plan godkjent av forvaltningsmyndigheten.

§ 8 Generelle dispensasjonsbestemmelser

Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra forskriften dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig, jfr. naturmangfoldloven § 48.

§ 9 Skjøtsel

Forvaltningsmyndigheten, eller den forvaltningsmyndigheten bestemmer, kan iverksette tiltak for å opprettholde eller oppnå den natur- eller kulturtilstand som er formålet med vernet.

§ 10 Forvaltningsplan

Det kan utarbeides forvaltningsplan med nærmere retningslinjer for forvaltning av reservatet. Forvaltningsplanen kan inneholde nærmere retningslinjer for gjennomføring av skjøtsel.

§ 11 Forvaltningsmyndighet

Direktoratet for naturforvaltning fastsetter hvem som skal ha forvaltningsmyndighet etter denne forskriften.

§ 12 Ikrafttredelse

Denne forskriften trer i kraft straks.

Vedlegg 7.2 Vernekart

Kart i målestokk 1:6 000 som viser framlegget til vernegrense for Brenslefjellet naturreservat følger saka som eit eige vedlegg.